



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL

Møtedato: 9. november 2007
Stad: Gol, Gol kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Hallvard Lilleslett,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.
Audun Aasheim leia sak 42-07.

SAK 42/07 VAL AV RÅDSORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

Avtroppande rådsordførar Audun Aasheim leia valet.

Vedtak

Etter framlegg frå Torleif Dalseide vart:

Oddvar Grøthe samrøystes valt som rådsordførar for neste 4-års periode.

Etter framlegg frå Oddvar Grøthe vart:

Torleif Dalseide samrøystes valt som varaordførar for neste 4-års periode.

SAK 43/07 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 31.8.2007

Vedtak

Møteprotokoll 31.august 2007 vart vedteke.

SAK 44/07 UTTALE, FORSLAG OM SAMANSLÅING AV POLITIDISTRIKTA I BUSKERUD OG OPPLAND FYLKER

Vedtak, uttale

Regionrådet for Hallingdal (ordførarane i kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol) vil me dette gje ei samla uttale for kommunane i Hallingdal, i samband med forslag om samanslåing av politidistrikta i Buskerud og Oppland fylker.

Ut frå Hallingdal sin ståstad er det to problemstillingar som vil bli kommentert:

- Kvifor slå saman politidistrikta i Buskerud og eventuelle konsekvensar.
- Framtidig struktur for lensmannskontora i Hallingdal.

Kva er forventa gevinst av ei samanslåing?

- Ut frå det materiale som ligg føre er det svært få argument om nokon, som talar for at ei samanslåing av Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt vil gje merkbare positive effektar.
- Målsetingane for samanslåing er vage og lite konkrete, meir eit håp om at det kan bli eit godt resultat til slutt. Argumentasjon går meir på ei tru om kva ein kan forvente på sikt. Dette blir etter Regionrådet sitt syn svært lettvtint og ei "sjablontenking", som er styrt meir av modell enn reelle vurderingar.
- Vurderingane blir nesten oppsiktsvekkjande sett i lys av at Nordre Buskerud skårar svært høgt både på kor nøgde publikum er og i forhold til effektivitet. I ei landsomfattande publikumsundersøking i 2006 var det Nordre Buskerud det politidistriktet i landet der befolkninga hadde det beste samla inntrykket av polititenestene. Straffesaksresultat og sakshandsamingstid i Nordre Buskerud er også svært gode og av dei beste i landet.
- Regionrådet for Hallingdal vil og peike på brev frå Statsadvokaten i Oslo til Justisdepartementet av 29. januar 2007, der det svært tydeleg blir stilt spørsmål ved dei vurderingane som er gjort og argument for at ei samanslåing ikkje vil ha nokon positiv effekt, snarare tvert i mot.

Er det kome nye moment sidan 2001 som talar for ei samanslåing ?

- Ut frå politidirektoratet si utgreiing er det umogeleg å sjå at det har vore ei utvikling sidan 2001 som talar for ei samanslåing.
- Erfaringane frå politireforma syner at gevinstane i dei samanslåtte distrikta ikkje er påviseleg større enn gevinstane i dei distrikta som vart oppretthalde som tidlegare.

Nordre Buskerud politidistrikt må oppretthaldast fordi:

- Nordre Buskerud politidistrikt er eit veldrive politidistrikt med stor tillit blant publikum. Det kan ikkje vera fornuftig å legge ned eit kostnadseffektivt og veldrive politidistrikt, og legge dette inn under ei stor eining som har betydelege utfordringar. Utan annan grunngeving enn at det gir "en viss strategisk gevinst i et langsiktig perspektiv".
- Det er ikkje kome nye moment sidan 2001 som talar for ei samanslåing.
- Det er i utgreiinga frå politidirektoratet ikkje synt til effektar utover "en viss strategisk gevinst i et langsiktig perspektiv".
- Sett i samanheng med dei naturlege kriminalitetsaksane blir det og sagt at vil det vera mindre hensiktsmessig å samle dei operative fellesfunksjonane for heile Buskerud i Drammen eller Hønefoss. Dei to distrikta er klart geografisk atskilt, og har få kontaktpunkt.
- Nordre Buskerud politidistrikt har høg fokus på problemstillingar i Hallingdal:
 - Høg kompetanse i samband med redningsaksjonar
 - Ein operasjonssentral med svært god lokalkunnskap
 - Nordre Buskerud politidistrikt har nokre av dei største utfordringane i forhold til trafikk/turisme i Hallingdal.

Kva blir konsekvensen for lensmannskontora?

Sjølv om ei samanslåing av politidistrikta ikkje nødvendigvis treng ha direkte konsekvensar for dei lokale lensmannskontora, er det liten grunn til å tru at det ikkje vil skje. Som det blir sagt av direktoratet:

”Det er samtidig en oppfatning at det ikke er tilstrekkelig med en sammenslåing av politidistriktene alene, og det er derfor av betydning for resultatene totalt sett at en sammenslåingsprosess også omfatter en vurdering av drifts- og tjenesteenhetene.”
Alle erfaringar syner at denne type sentralisering også får konsekvensar for det lokale tenestetilbodet.

I Hallingdal er det fem lensmannskontor: Eit i kvar kommune med unntak av Gol og Hemsedal som er felles kontor. Nore og Uvdal har også lensmannskontor. Desse seks kontora har etablert vaksamarbeid og arbeidar elles tett saman. For innbyggarane i våre kommunar er det svært viktig å ha eit lokalt og synleg lensmannskontor. Dette kom også klart fram i prosessen rundt politireforma for nokre år sidan, då det var vurdert å organisere tenestene i Hallingdal annleis. Regionrådet meiner erfaringane med det tette samarbeidet som er mellom våre kontor, syner at positive effektar kan takast ut ved samarbeid like godt som ved endringar i struktur. Og det aller viktigaste er den nærleik våre innbyggarar føler dei har til sitt lokale lensmannskontor.

I Hallingdal er det store avstandar med godt 100 km frå Flå sentrum til Geilo, og Nore og Uvdal som ligg i same vakttdistrikt er som kjent Buskeruds største kommune i areal. Hallingdal har ei spesiell utfordring som den største reiselivsregionen i landet, med mellom 4 og 5 millionar gjestedøgn. Dette tilseier behov for fleire kontor og meir spreidd struktur enn det innbyggjartalet tilseier.

SAK 45/07 ORIENTERING OM SLT-HALLINGDAL

Prosjektleiari Ole-Reidar Lågrinn orienterte om status for SLT-prosjektet og eventuell vidareføring etter 1.2.2008.

Etter ei drøfting fann Regionrådet det rett å gjera vedtak i saka.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ser på arbeidet som SLT-Hallingdal gjer, som viktig for Hallingdal. Regionrådet vil rå kommunane til at arbeidet blir vidareført i ein prosjektperiode på 2 år, frå 1.2.2008, med ei 50% prosjektstilling, som i dag.

Regionrådet ber om at det blir lagt fram ei evaluering innan 20.september 2009.

Regionrådet vil rå til at styringsgruppa blir satt saman av:

- 2 medlemmer frå to lensmannskontor, som blir oppnemnt av lensmannskontora i Hallingdal
- 2 medlemmer frå administrasjonen i kommunane, som blir oppnemnt av Rådmannsutvalet, primært representant frå rådmannsutvalet og/eller sektorleiar.
- 2 representantar frå politisk nivå, ordførarar og/eller politisk leiar sektorutval, som blir oppnemnt av Regionrådet.

Regionrådet og Rådmannsutvalet koordinerar val av representantar slik at alle kommunane blir representert.

Regionrådet ber kommunane handsame saka innan 1.1.2008.

SAK 46/07 VAL TIL DIV. VERV

Vedtak

Val av nye representantar:

- Representant til fagrådet i Hallingdal Etablerersenter, **Tor Egil Buøen**, erstattar Hans Bekken
- Representant til styringsgruppe, prosjekt trafikktryggleik Hallingdal, **Gerd Eli Berge**, erstattar Jan Halvard Brekko, som har vore leiar.
- Representant til styre i Forum Nye Bergensbanen, kommunane i Hallingdal foreslår at **Torleif Dalseide** erstattar Jan Halvard Brekko.
- Fylkesmannen i Buskerud; Fornyng og utvikling av kommunane – prosjektgruppe, **Oddvar Grøthe**, erstattar Audun Aasheim
- Utviklingsforum Buskerud fylkeskommune, **Oddvar Grøthe**, erstattar Audun Aasheim
- Hallingmoprosjektet, **Knut Arne Gurigard**
- Representant til SLT-prosjektet (kriminalitetsførebyggande tiltak), blir vurdert ved eventuell forlenging av prosjektet.

SAK 47/07 ORIENTERING OM PÅGÅANDE ARBEID I REGIONRÅDET

Dagleg leiar orienterte om pågåande arbeid i Regionrådet.

SAK 48/07 TILTAK FOR REALISERING AV FRAMTIDAS BERGENSBANE

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som svært viktig at arbeidet for realisering av framtidias Bergensbane blir intensivert, og støttar oppretting av eit prosjekt med eigen prosjektstilling, førebels i 2 år.
2. Regionrådet ser det som ein stor fordel om Bergensbanen Utvikling blir etablert som eit utøvande arbeidsutval under Forum Nye Bergensbanen.
3. Det vil vera naturleg at Bergensbanen Utvikling har utvida fullmakter i forhold til sitt arbeid, der representasjonen i arbeidsutvalet står i eit visst forhold til økonomisk innsats.
4. Det må utarbeidast eigne vedtekter for Bergensbanen Utvikling og forholdet til FNB.
5. Prosjektleiari skal også vera sekretariat for FNB.
6. Regionrådet for Hallingdal går inn for ei årleg driftsstøtte på kr. 100.000, førebels for 2 år, til prosjektet Bergensbanen Utvikling.

SAK 49/07 EVENTUELT

- Dagleg leiar lagar sak til neste møte i Regionrådet vedr. eventuell organisering av klimaplan for Hallingdal og Valdres.
- Dagleg leiar skriv brev til Buskerud fylkeskommune vedr. karrieresenter for Hallingdal, der følgjande punkt blir understreka:
 - Hol, Ål, Gol, Nes og Flå går inn for karrieresenter i Hallingdal under føresetnad av at kostnader ikkje blir høgare enn det som er vedteke i kommune, sjølv om Hemsedal ikkje blir med.
 - Det er ein føresetnad, som i tidlegare vedtak, at avtale med NAV skal vera klar før etablering av karrieresenteret.
 -
- Saker som skal opp på Hallingtinget 30.11.2007

- Det skal gjerast framlegg om at §7 i viljeserklæring blir endra slik at evaluering berre omfattar dei tiltak Regionrådet har ansvaret for.
- Det skal leggst fram forslag til budsjett og langtidsbudsjett
- Hallingtinget skal få ei orientering om Noregs Friluftshøgskole

Ål 11.11.2007

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal